



ORIENTERING OM BUPLIKT PÅ BUSTADHUS.

Det er ein del forskjell på buplikt på bustadhus kontra landbrukseigedomar.

- Er huset bygd som bustadhus vil det vera bustadhus til du eventuelt har eit vedtak frå kommunen som omdisponererar det til noko anna.
- Buplikta på bustadhus gjeld så lenge du eig det.
- Buplikta er ikkje personleg – ein kan leige huset bort på åremål til folk som vil bu her fast, og oppfylle buplikta. Dei må ha adresse Tokke, i Folkeregisteret.
- Det er ikkje buplikt dersom familie overtek ut til nevø og niese.
- Ein må ha oppfylt buplikta i minst 5 år før ein kan overdraga til familie utan buplikt.
- Ynskjer ein å overtaka eit hus med buplikt utan å bu her, må ein søkje konsesjon. Det er hovudutval for Landbruk, Miljø og Utmark som avgjer det.
- Vedtaket kan påklagast til Fylkesmannen i Telemark

29.11.07